




## Budsjettdokument for Lom kommune



Gjestfri og nyskapande

### Innhald:

Vurdering frå administrasjonssjefen	3
Innstilling frå budsjettutvalet	4
Økonomiske oversikter	13
Formannskapet - første gong	16
Formannskapet - andre gong	16
Kommunestyret sitt vedtak	17
Overordna styringssignal og utvikling	18
Overordna mål og strategiar	20
Handlefridom i økonomien -prioriteringar	21
Handlingsplan for tenesteområda	23

# Lom kommune

# Budsjett 2010

# Økonomi- og handlingsplan

# 2011-2013

## Innhaldsliste

<u>1</u>	<u>Vurdering fra administrasjonssjefen</u>	3	<u>7</u>	<u>Overordna styringssignal og utvikling</u>	18
1.1	Kraftprisar	3	7.1	Viktige prioriteringar i statsbudsjettet	18
1.2	Budsjettbalansen - konsekvensar	3	7.2	KS si uttale til statsbudsjettet	18
1.4	Store investeringar forutset streng prioritering	3	7.3	Utvikling av folketalet	19
1.5	Organisasjonsutvikling	3	<u>8</u>	<u>Overordna mål og strategiar</u>	20
1.6	Sluttcommentar	3	8.1	Balansert målstyring (BMS)	20
<u>2</u>	<u>Innstilling fra budsjettutvalet</u>	4	8.2	Kommunemålekart	20
2.1	Budsjettprosessen	4	<u>9</u>	<u>Handlefridom i økonomien - prioriteringar</u>	21
2.2	Målsetjing med budsjettarbeidet	4	9.1	Generelle økonomiske utfordringar	21
2.3	Innstillinga	4	9.2	Vurdering av økonomisk situasjon	22
<u>3</u>	<u>Økonomiske oversikter</u>	13	<u>10</u>	<u>Handlingsplan for tenesteområda</u>	23
3.1	Investeringar og finansiering	13	10.1	Staben til administrasjonssjefen	23
3.2	Driftsbudsjett	14	10.2	Støttefunksjonen	24
3.3	Utvikling i lånegjeld	15	10.3	Loar skule	27
3.4	Fondskapital	15	10.4	Garmo oppvekstsenter	29
3.5	Bruk av næringsfond	15	10.5	Lom ungdomsskule	31
<u>4</u>	<u>Formannskapet - første behandling</u>	16	10.6	Loar barnehage	33
4.1	Saksprotokoll i Formannskapet 01.12.2009	16	10.7	Miljø, teknisk, næring	35
<u>5</u>	<u>Formannskapet - andre behandling</u>	16	10.8	Helse og velferd	38
5.1	Saksprotokoll i Formannskapet 16.12.2009	16	10.9	Institusjonsbasert omsorg	41
<u>6</u>	<u>Kommunestyret sitt vedtak</u>	17	10.10	Heimebasert omsorg	43
6.1	Saksprotokoll i Kommunestyret 16.12.2009	17			

## 1 Vurdering frå administrasjonssjefen

Fleire av dei viktige faktorane som har endra seg vesentleg for vårt budsjett for 2010 har vore kommenterte tidlegare. Administrasjonssjefen vil ikkje ta for seg alle desse. I staden blir det sett fokus på nokre vesentlege faktorar.

### 1.1 Kraftprisar

Kraftprisane har gått betydeleg ned frå hausten 2008 og stabilisert seg på eit lågare nivå i løpet av 2009. I skrivande stund er ikkje nivået for 2010 avklara. Framtidsprisane for 2010 er i dag om lag på same nivå som gjennomsnittsprisen i femårsperioden 2005-2009 på 30 øre pr kwh. Nivået for 2009 var for vårt vedkomande 49,3 øre, noko som var spesielt høgt både vurdert over tid og i høve spot-pris for same år. Dessverre

har kommunen i altfor stor grad lagt inn desse meirinntektene i driftsbudsjettet. Administrasjonssjefen har ved fleire høve peika på stor sårbarheit som følgje av reduksjon av kraftpris. Det må leggjast til grunn ei forvaltning av konsesjonskraft som i større grad reppresenterer forutsigbarheit for å unngå dei store svingningane vi har opplevd dei siste åra. Over tid er det forvetningar i marknaden om at prisane skal gå opp.

### 1.2 Budsjettbalansen - konsekvensar

Budsjettutvalet har gjennomført rammereduksjonar innan alle tenesteområda. Det seier seg sjølv at gjennomføringskraften og produksjonskapasiteten blir redusert som følgje av dette. Dette gjeld på strategisk utvikling og tenesteproduksjon. Samanlikna

med ressurstilgang i andre samanliknbare kommunar er vi likevel bra rusta i høve økonomiske ressursar sjølv etter desse reduksjonane. Utfordringa blir å finne effektive løysingar i dagleg drift.

### 1.4 Store investeringar forutset streng prioritering

Det er lagt opp til store investeringar i planperioden. Det seier seg sjølv at strategiske val må gjerast for å skape handlingsrom for

dese investeringane. Dette betyr streng prioritering av tenester og vurdering av nye inntektskjelder.

### 1.5 Organisasjonsutvikling

Administrasjonssjefen er glad for at budsjettutvalet held fram med budsjetttramme som gjer at organisasjonen har høve til å drive kompetanseutvikling sjølv om rammene ellers er reduserte. Dette er viktig både i stutt

og lang tidshorisont. Tendensen til at vi i større grad må utvikle kompetanse i eigen organisasjon i staden for å nyrekuttere er tydeleg og blir venta å utvikle seg vidare fram i tid.

### 1.6 Sluttkommentar

Budsjettet for 2010 er eit stramt og utfordrande framlegg. Mange av forutsetningane som er lagt inn er på

ein marginalt grunnlag. Dette fører til at budsjettet må følgjast nøye i driftsåret og at budsjettjusteringar må vurderast.

## 2 Innstilling fra budsjettutvalet

### 2.1 Budsjettprosessen

Budsjettutvalet har fått ansvar for å leggja fram forslag til budsjett og økonomiplan for 2010 – 2013 til formannskapet. Budsjettutvalet har vore sett saman av:

Odd Arne Kroken (SP), leiar

Beate Stø (SP),

Torbjørg Graffer Myrhaug (SP)

Anne-Lise Marstein(AP)

Magny Hilde (BL)

Utgangspunktet for budsjettet har vore vidareføring av opphavleg budsjett for 2009. Budsjettutvalet har fått oversikt over nye tiltak og innsparingstiltak frå tenestemråda i kommunen. Referat frå møta er sende medlemmane, ordførar, tenesteleiarane og administrasjonssjefen.

Balansert målstyring, KOSTRA-tal, statusdokument frå administrasjonssjefen,

”Lom 2020” og gjeldande økonomiplan har vore utgangspunktet for arbeidet i Budsjettutvalet.

I budsjettarbeidet for 2010 kom det fram at det var behov for innsparinger. Budsjettarbeidet har vore krevjande, da det i utgangspunktet viste seg å vera behov for betydelege reduksjonar i driftsnivået for å få til eit budsjett i balanse.

### 2.2 Målsetjing med budsjettarbeidet

I arbeid med budsjettforslaget har m.a. følgjande vore lagt vekt på:

- Oppretthalde tenestetilbodet
- Økonomisk handlefridom, ikkje auke lånegjelda utover det som kom fram av økonomiplanen for 2010 – 2013

- Prioritering av lovpålagte oppgåver
- Imøtekoma målsetjingar i overordna planar og vedtak
- Netto driftsresultat på minimum 3 %

### 2.3 Innstillinga

#### 2.3.1 Føresetnader for budsjettet

- Årslønsvekst på 3,2%.
- Ordinære pensjonskostnader til KLP med 13,8%.
- Ordinære pensjonskostnader til STP med 11,2%.
- Kostnader til AFP er reelt budsjetterte.
- Arbeidsgjevaravgift med 6,4%.
- KS prognosemodell er nytta til vurdering av frie inntekter (skatt og rammetilskot).

- Innskotsrente på 2,85% og renter/avdrag basert på nedbetalingsplan frå långjevar.
- Inntekter frå sal av konsesjonskraft budsjetterte i samsvar antatt salspris for 2010.
- Utbytte frå Eidefoss AS på kr. 9,2 mill.
- Skjønstillskot frå staten til barnehagane på kr. 1.200.000.

#### 2.3.2 Driftsinntekter - forslag til satsar for 2009

##### 2.3.2.1 Skattevedtak

Forskot på skatt i 2010 vert skrive ut med maksimalsatsen som blir vedteken i Stortinget. I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert eigedomsskatt, som er vedteken av

kommunestyret i sak 125/75, i Fossbergom, samt på verker og bruk utanfor området, vidareført i 2010. Eigedomsskatt blir utskriven med kr 7 for kvar tusen kroner i takstverdi.

##### 2.3.2.2 Leige for kommunale bustader

Leige for kommunale bustader blir foreslått uendra frå 2009 til 2010.

## 2.3.2.3 Satsar for musikk- og kulturskulen

Satsane for musikk- og kulturskulen blir foreslått endra:

- Eineundervisning: kr 1800 pr år              Forslag 2010: kr 2000
- Syskenmoderasjon:        1. barn 40 %  
                                  2. barn 50 %
- Gruppeundervisning/dans og drama/formgjeving: kr 900    Forslag 2010: kr 1000

## 2.3.2.4 Satsar for skulefritidsordninga

Satsane for Skulefritidsordninga blir foreslått endra:

- frå 6 timer t.o.m. 9: kr 800 pr. mnd              Forslag 2010: kr 900
- frå 10 timer t.o.m. 14 timer: kr 1 100 pr mnd      Forslag 2010: kr 1400
- frå 15 timer og meir: kr 1 400 pr mnd              Forslag 2010: kr 1500
- timesats: kr 50    Forslag 2010: kr 50

## 2.3.2.5 Satsar for barnehagen

Satsane i Barnehagen blir foreslått endra:

- |                                 |                        |
|---------------------------------|------------------------|
| 5 dagar kr 2.330 (maksimalsats) | Forslag 2010: kr 2 330 |
| 4 dagar kr 2.000                | Forslag 2010: kr 2 200 |
| 3 dagar kr 1.550                | Forslag 2010: kr 1 750 |
| 2 dagar kr 1.100                | Forslag 2010: kr 1 300 |

Einskild dag kr 200.

Krav om maksimale satsar for foreldrebetaling blir kompensert med auka refusjon frå staten.

Regjeringa føreset vidareføring av maksimalsatsen.

## 2.3.2.6 Opphold på helseheimen

Uendra (i.h.t. Rundskriv I 47/98 frå Helse og Sosialdepartementet).

## 2.3.2.7 Husleige trygdebustad, alderspensionat og omsorgsbustad

Husleiga blir foreslått auka med 2 %.

## 2.3.2.8 Heimehjelp

Satsane for heimehjelp er foreslått endra:

- |  |                           |
|--|---------------------------|
| Satsar for 2009 pr. mnd.:                  | Satsar for 2010 pr. mnd.: |
| Inntil 2G Kr. 150                          | kr 155                    |
| Mellom 2G og 3 G Kr. 515                   | kr 525                    |
| Mellom 3G og 4 G Kr. 740                   | kr 755                    |
| Mellom 4G og 5 G Kr.1.080                  | kr 1.102                  |
| Over 5G Kr.1.535 (gjeldande sats kr 1.460) | kr 1.566                  |

Reglane for heimebaserte tenester er heimla i Forskrift om vederlag for sosiale tenester.

## 2.3.2.9 Tryggleiksalarm

Tryggleiksalarm blir foreslått uendra, kr 70 pr månad.

## 2.3.2.10 Middag levert i heimen

Middag levert i heimen blir foreslått endra frå kr 60 til kr 66 pr middag.

## 2.3.2.11 Fellingsavgift

Med heimel i ”Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort” blir fellingsavgiftene for elg og hjort i Lom kommune auka til gjeldande maksimalsatsar:

Elg:      Vaksne dyr (1½ år og eldre)      kr 465    Kalv kr 270

Hjort:     Vaksne dyr (1½ år og eldre)      kr 350    Kalv kr 210

Aukun blir gjort gjeldande frå 1. april 2010.

## 2.3.3 Overføringer til andre

### **2.3.3.1 Regionrådet**

Tilskot til Regionrådet er budsjettert med kr 552.000 mot kr 393.000 for 2009. Beløpet inkluderer delprosjekt som Regionrådet arbeider med. Finansiert frå næringsfondet.

**2010: 555 000. I tillegg kjem kr. 175 000 til prosjektet for Distriktsmedisinsk senter.**

### **2.3.3.2 Revisjon og kontrollutval**

Revisjon og kontrollutval er budsjettert med kr 501.000 mot kr 437.000 for 2009.

**2010: 531 000.**

### **2.3.3.3 Lom veksthus**

Tilskot til Lom Veksthus er budsjettert med kr 100.000, det same som for 2009. Finansiert frå næringsfondet.

**2010: 100 000.**

### **2.3.3.4 Jotunheimen Reiseliv AS**

Tilskot til Jotunheimen Reiseliv AS er budsjettert med kr 650.000, det same som for 2009. Finansiert frå næringsfondet.

**2010: 650 000.**

### **2.3.3.5 Organisasjonar og andre innan kultur**

Tilskot til organisasjonar og andre innan kultur er budsjettert med kr 853.000 inkludert kr. 495.000 til idrettsformål.

**2010: kr 853 000 – øyremarka idrett kr 495.000.**

### **2.3.3.6 Lom kyrkjelege råd**

Tilskot til Lom kyrkjelege råd var budsjettert med kr 1.400.000, og tenesteyting kr 157.000 i 2008.

**2010: Overføring kr 1 400 000  
Tenesteyting kr 157 000**

**(Søknad om tilskot for 2010 på kr. 1 800 000.)**

### **2.3.3.7 Gudbrandsdalsmusea A/S**

Overføring til Gudbrandsdalsmusea AS er budsjettert med kr 148.000, jf avtale.

### **2.3.3.8 Nord-Gudbrandsdal Bedriftshelseteneste**

Kjøp av tenester frå Nord-Gudbrandsdal Bedriftshelseteneste var budsjettert med kr. 145.000 i 2009.

**2010: kr 172 000.**

### **2.3.3.9 Lom friviljugsentral**

Tilskot til Lom Friviljugsentral er budsjettert med kr 93.000, i tillegg til dette kjem tenesteyting med kr 125.000, totalt kr.218.000, det same som for 2009.

**(I 2009 er det gjort avtaler med Friviljugsentralen – der dei tek på seg oppdrag mot betaling).**

### **2.3.3.10 Lom og Skjåk brannvesen**

Løyving til Lom og Skjåk brannvesen

	2009	2010
Feiarvesen	319 000	335 000
Brannsyn	189 000	194 000
Brannvesen	1 271 000	1 133 000

### **2.3.3.11 Regiondata**

Budsjett for overføring til Regiondata 2009: kr 834 000

**2010: kr 692 000.**

### **2.3.3.12 IT-samarbeid Skjåk kommune**

Budsjett 2009: overføring til Skjåk kommune kr 520 000

**2010: kr 540 000.**

### **2.3.3.13 Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap**

Budsjettet for 2009 var kr 1.042.000.

**2010: kr 1.243.000.**

### **2.3.3.14 Barne- og ungdomsvern - samarbeid med Skjåk kommune**

Nytt for 2009.

**2010: kr 680 000 i overføring til Skjåk kommune.**

### **2.3.3.15 Samarbeid med NAV**

Budsjett for overføring til NAV i 2009: kr 268 000., for 2010 kr. 322 000.

### **2.3.3.16 Samarbeid med krisesenter**

Budsjett for overføring til krisesenter i 2009: kr 25 000

**2010: kr 26 000.**

### **2.3.3.17 Godtgjersle til folkevalde**

Godtgjersle til folkevalde følger det til kvar tid gjeldande reglement.

### **2.3.3.18 Delegasjon - høve til å fastsette detaljert budsjett**

Kommunestyret delegerer til Formannskapet å fastsette detaljert budsjett i samsvar med paragraf 11 i budsjett- og rekneskapsforskriften.

### **2.3.3.19 Fullmakt til administrasjonssjefen**

Administrasjonssjef får fullmakt til å saldere budsjett 2010 og økonomiplan 2011 – 2013 ved å justere avsetjing til disposisjonsfond.

#### 2.3.4 Budsjett gruppeart og ansvar

<b>Budsjett gruppeart og ansvar</b>		<b>Budsjett 2009</b>	<b>Budsjett 2010</b>
<b>Gr</b>	<b><u>Administrativ stab</u></b>		
10	Lønsutgifter	0	3 638 280
11	Kjøp av varer og tenester	0	1 295 804
13	Kjøp av tenester frå andre	0	991 000
14	Overføringer	0	2 638 400
16	Salsinntekter	0	-65 000
17	Refusjonar	0	-1 889 962
	Sum ansvar Administrativ stab	0	6 608 522
<b>Gr</b>	<b><u>Støttefunksjonen</u></b>		
10	Lønsutgifter	10 399 264	9 973 200
11	Kjøp av varer og tenester	5 684 126	6 000 922
13	Kjøp av tenester frå andre	2 700 000	2 991 300
14	Overføringer	1 680 860	1 610 460
15	Finansutgifter/transaksjonar	21 473 371	18 436 200
16	Salsinntekter	-15 342 500	-7 780 000
17	Refusjonar	-8 835 674	-9 521 346
18	Overføringer	-100 238 400	-106 481 622
19	Finansinntekter/transaksjonar	-16 311 000	-13 620 000
	Sum Støttefunksjonen	-98 789 953	-98 390 886
<b>Gr</b>	<b><u>Loar skule</u></b>		
10	Lønsutgifter	10 578 485	11 204 600
11	Kjøp av varer og tenester	1 514 133	1 596 380
13	Kjøp av tenester frå andre	470 000	0
14	Overføringer	184 000	197 000
16	Salsinntekter	-119 000	-286 400
17	Refusjonar	-670 000	-1 036 500
	Sum Loar skule	11 957 618	11 675 080
<b>Gr</b>	<b><u>Garmo oppvekstsenter</u></b>		
10	Lønsutgifter	3 050 333	4 743 900
11	Kjøp av varer og tenester	631 367	866 582
14	Overføringer	145 989	156 000
16	Salsinntekter	-43 000	-402 700
17	Refusjonar	-30 000	-1 106 000
	Sum Garmo oppvekstsenter	3 754 689	4 257 782
<b>Gr</b>	<b><u>Lom ungdomsskule</u></b>		
10	Lønsutgifter	7 322 417	7 479 800
11	Kjøp av varer og tenester	2 664 522	2 762 340
13	Kjøp av tenester frå andre	0	470 000
14	Overføringer	490 800	540 400
16	Salsinntekter	-525 000	-525 000
17	Refusjonar	-200 000	-757 500
	Sum Lom ungdomsskule	9 752 739	9 970 040

## Innstilling frå budsjettutvalet

<b>Budsjett gruppeart og ansvar</b>		<b>Budsjett 2009</b>	<b>Budsjett 2010</b>
<b>Gr</b>	<b><u>Loar barnehage</u></b>		
10	Lønsutgifter	10 396 872	9 219 727
11	Kjøp av varer og tenester	1 024 193	859 558
13	Kjøp av tenester frå andre	0	10 000
14	Overføringer	184 100	43 600
16	Salsinntekter	-2 278 000	-2 090 000
17	Refusjonar	-6 810 000	-5 935 000
19	Finansinntekter/transaksjonar	-560 000	0
	Sum loar barnehage	1 957 165	2 107 885
<b>Gr</b>	<b><u>Miljø, teknisk og landbruk</u></b>		
10	Lønsutgifter	10 401 309	10 886 950
11	Kjøp av varer og tenester	5 831 941	5 707 040
13	Kjøp av tenester frå andre	4 920 862	5 061 862
14	Overføringer	1 047 725	1 076 125
15	Finansutgifter/transaksjonar	0	237 000
16	Salsinntekter	-10 244 000	-10 600 000
17	Refusjonar	-3 900 969	-4 733 500
18	Overføringer	-759 862	-548 862
19	Finansinntekter/transaksjonar	-1 198 354	-892 354
	Sum Miljø, teknisk og landbruk	6 098 652	6 194 261
<b>Gr</b>	<b><u>Helse og velferd</u></b>		
10	Lønsutgifter	12 983 441	14 021 355
11	Kjøp av varer og tenester	2 421 900	3 118 910
13	Kjøp av tenester frå andre	449 000	1 245 280
14	Overføringer	1 292 800	1 150 600
15	Finansutgifter/transaksjonar	163 000	118 796
16	Salsinntekter	-2 847 000	-2 972 000
17	Refusjonar	-1 720 152	-1 860 701
18	Overføringer	-281 000	-400 662
19	Finansinntekter/transaksjonar	-95 000	-55 037
	Sum Helse og velferd	12 366 989	14 366 541
<b>Gr</b>	<b><u>Institusjonsbasert omsorg</u></b>		
10	Lønsutgifter	23 396 236	24 572 100
11	Kjøp av varer og tenester	5 059 616	4 268 780
13	Kjøp av tenester frå andre	363 000	398 000
14	Overføringer	970 000	1 036 000
16	Salsinntekter	-4 338 000	-4 715 200
17	Refusjonar	-1 144 000	-1 094 000
	Sum Institusjonsbasert omsorg	24 306 852	24 465 680
<b>Gr</b>	<b><u>Heimebasert omsorg</u></b>		
10	Lønsutgifter	18 447 616	18 997 700
11	Kjøp av varer og tenester	2 019 895	2 148 330
13	Kjøp av tenester frå andre	90 000	90 000
14	Overføringer	320 200	314 200
16	Salsinntekter	-1 555 500	-1 573 700
17	Refusjonar	-1 090 000	-1 195 000
	Sum Heimebasert omsorg	18 232 211	18 781 530

## 2.3.5 Behandling i budsjettutvalet

Det vart halde dialogkonferanse for kommunestyre, tillitsvalde og leiargruppa i juni, der resultat frå brukar- og medarbeidarundersøkingar vart gjennomgått.

Budsjettutvalet sette fokus på skule og pleie- og omsorg, da det er disse to tenesteområda som budsjettmessig er dei to største. Ut frå KOSTRA har disse to områda vore høgt prioriterte i Lom, og har hatt ein ressursbruk som har vore høgare enn samanliknbare kommunar og gjennomsnittet for kommunegruppa og gjennomsnittet for Oppland. Budsjettutvalet bad derfor om ei utgreiing frå desse to områda. Skulane leverte ein munnleg utgreiing, medan PLO har levert ei skriftleg utgreiing.

Utfordringar/tiltak frå dei einskilde tenesteområda er overleverte Budsjettutvalet. Utvalet har arbeidd spesielt i forhold til reduksjon av driftsnivået i kommunen. For 2009 er det meste av kraft- og utbytteinntektene brukt i finansiering av den ordinære drifta. I 2009 er kr 14,5 mill inntektsført i budsjettet, ut i frå ingått kontrakt. Prisen for kraft er i 2009 redusert

svært mykje. For 2010 er det ikkje skrive kontrakt pr. dato, men ein kan ikkje rekne med noko utover kr 6,7 mill. Dette er ein reduksjon frå 2009 til 2010 på kr 7,6 mill.

Budsjettutvalet prioriterer ved å tildela dei enkelte tenesteområda rammer.

Arbeid i Budsjettutvalet:

Budsjettutvalet har hatt 5 møte. Det fyste møtet den 3. juli var eit førebuande møte. Det vart sett opp målsettingar for det vidare arbeidet, føresetnader, bestillingar til skulane og PLO. Det vart bede om at administrasjonen skulle leggja fram eit budsjettforslag i balanse.

Statsbudsjettet vart lagt fram den 13 oktober. Fyst etter dette tidspunktet kunne administrasjonen få fram ein balansesituasjon. Møtet den 11. november var utvalet sitt fyste møte etter framlegget til statsbudsjett.

### **2.3.5.1 Gjennomgang av nokre tiltak - drift**

#### **Status for og vurdering av moglege tiltak innan skule.**

Lom har hatt ein høg del undervisningstimer etter PPT – vedtak. Det verkar som at denne del er i ferd med å verta redusert. Utvalet ser det som viktig at tiltak vert sett inn på tidleg stadi i opplæringslopet, der ein framover bør vurdere tiltak allereie innan barnehagen. Dette føreset ei omstrukturering av prioriteringar, slik at ressursar kan verta frigjort til innsats på dette området.

#### **Attendemelding og vurdering av rapport frå Pleie- og omsorg.**

Leiar i Budsjettutvalet orienterte frå møte som formannskapet har hatt med konsulent frå KS, der det vert påpeikt at Lom har for mange plassar innan institusjon. Ved ei satsing på omsorgsbustader med heildøgns omsorg vil ein kunne få ei billegare drift, etter attendemeldingar som kom frå møte med konsulent i KS. Dette er ei satsing som må gjerast utan at rammene til PLO vert auka, heller redusert i forhold til i dag.

Utvalet vel å prioritere opp denne satsinga, og legg derfor opp til at omsorgsbustader ver lagt inn i investeringsbudsjettet for 2010 samla, og ikkje delt over tå år slik som gjeldande

Ved gjennomgang av innstillingane frå administrasjonen, konkluderte budsjettutvalet med at det kunne gjerast større reduksjonar i rammene til Loar skule og til Lom ungdomsskule spesielt.

Garmo oppvekstsenter har vore vurdert. Konklusjonen er at kapasiteten på Loar ikkje er stor nok til å ta i mot elevane frå der.

økonomiplan legg opp til.

Budsjettutvalet ser behovet for ytterlegare innsparinger utover det forslaget som utvalet har kome med, og har bede om ein betydeleg reduksjon i tillegg.

Utvalet ynskjer at førebyggande tiltak skal skjermast mest mogleg.

Utvalet drøfta elles om samarbeid om felles kjoken for dei 3 Ottadals – kommunane kunne ha innsparingselement i seg, ev om eit samarbeid med privat næringsliv kunne vera mogleg.

Utvalet oppmodar formannskapet om å setja i gang ei utgreiing av om eit samarbeid

mellan fleire kommunar, av kjøkkendrift ved institusjonsbasert omsorg, kan ha innsparingseffekt i seg utan at dette skal gå

### Eggjalia industribygg.

Det er ingen leigetakar i bygget, som delvis vert nytta av arbeidssenteret.

Utvalet ynskjer ei vurdering av alternativ

utover kvalitet. Eventuelt om eit samarbeid med privat næringsliv kan vera mogleg og lønsamt.

plassering av arbeidssenteret, slik at Eggjalia Industribygg kan frigjevast og alternativ nytte/ ikkje nytte av bygget kan vurderast.

### Diverse føresetnader for budsjettarbeidet

Av føresetnadene for budsjettet er satsane for pensjonspremie drøfta spesielt.

Administrasjonen har innstilt på at det skal leggjast inn ein risikofaktor i prosentsatsen for berekning av pensjonspremie, for å ha noko å

gå på i tilfelle utgiftene skulle verta høgare enn anslaga frå KLP. (ca kr 550 000). Utvalet vel å berekna utgiftene til pensjonspremie utan å ta inn denne risikofaktoren.

### Barnehagen

Barnehagen har i dei siste åra vore opprioritert, og har i dag ein større del av kommunen sin samla driftsutgifter som sine rammer. Utvalet ser på tidleg pedagogisk innsats som viktig i barn sin utvikling.

Utvalet har like vel vore oppteke av å vurdere tenesteområde sin kostnadsstruktur. I denne samanheng er ei alternativ løysing av Odda barnehage vore vurdert. Barnehagen er liten, og vert derfor ressurskrevjande i forhold til talet på barn. Budsjettutvalet ynskjer primært

at det skal etablerast familiebarnehage i Bøverdalen.

Om barn frå Bøverdalen ynskjer plass på Loar, er det pr. i dag ikkje kapasitet korkje ved Loar barnehage eller i Garmo. Dette kan visa seg annleis etter nye opptak i februar 2010 for neste barnehageår.

Det er behov for innsparingar, slik at utvalet ber barnehagane om ei innsparing på kr 100 000.

### Eigedomsskatt i heile kommunen

Budsjettsituasjonen er slik at alle inntekter må vurderast. Innføring av eigedomsskatt i heile kommunen er vurdert.

Ei innføring, vil etter grove vurderingar frå 2006, gje auke i inntektene på ca 1 500 000 kvart år. Eit eventuelt innføringsprosjekt vil koste ca 1 mill kr. Ei innføring av eigedomsskatt i heile

kommunen vil fyst kunne innførast med verknad for budsjettåret 2011.

Budsjettutvalet innstiller på at det ikkje skal gjerast endringar i område for eigedomsskatt 2010.

Budsjettutvalet ber formannskapet vurdere å fremme eiga sak om innføring av eigedomskatt i heile kommunen.

### Flyktningekonsulent:

Utvalet har bede administrasjonen vurdere om det er mogleg med ei omfordeling, heilt eller delvis, av oppgåvene er mogleg innanfor eksisterande administrasjon.

### Personalkonsulent:

Utvalet har bede administrasjonen om ei vurdering av eventuelle samarbeidsløysingar, heilt eller delvis med nabobygdene når det gjeld oppgåvene til personalkonsulenten.

### Kommunale bygg

Utvalet ynskjer ein gjennomgang og vurdering av alle kommune bygg med tanke på drift/utleige/sal/riving. Odda skule, Eggjalia industribygg og tidlegare biblioteket ved

Garmo skule har vore drøfta spesielt. Utvalet ynskjer dette ut i frå eit brukar-, medarbeidar- og økonomisk perspektiv.

## Tilskot til private vegar

Tilskot til private vegar vert avvikla frå 2010

### 2.3.5.2 Investeringsbudsjettet

Vidare framdrift i ev samarbeidsprosjekt Oppland fylkeskommune og Lom kommune vart drøfta på møte i Budsjettutvalet den 11.9.2009. Det vart bede om sak frå administrasjonen, og ei arbeidsgruppe leia av administrasjonssjefen vart oppretta.

#### Fleirbrukskall

Ein grovplan av fleirbrukskall er utarbeidd av arkitektforma, saman med kostnadsoverslag. Alternativ A er berekna til kr 84 000 000. Alternativ B er berekna til kr 68 000 000.

Budsjettutvalet har drøfta vidare framdrift av prosjektet. Alternativ A er vald inn i økonomiplanen, og har bede om at kr 60 000 000 vert lagt inn i planen i 2011 og kr 24 000 000 i 2012.

Utvalet ser det som naudsint å gjennomføre eit forprosjekt i 2010. Anslaga i økonomiplanen må vera grøvre beløp, da finrekning må koma gjennom eit forprosjekt.

#### Omsorgsbustader

Omsorgsbustader for heildøgns omsorg har utvalet vurdert innlagt i 2010, i motsetning til gjeldande økonomiplan der noko er planlagt i 2010 og noko i 2011. Utvalet ber om at prosessen med vidare vurdering av nye omsorgsbustader med heildøgns omsorg vert prioritert høgt.

Det er elles lagt inn investeringar som er naudsint på grunn av krav bl.a. gjennom HMS-regelverk.

### 2.3.5.3 Innsparingar

Administrasjonssjefen stab	Kr.	610 000
Støttefunksjonen	Kr.	200 000
Loar skule, 1/8 - 31/12 *)	Kr.	315 000
Lom ungdomsskule, 1/8 - 31/12 *)	Kr.	310 000
Loar barnehage og Garmo oppvekstsenter	Kr.	100 000
MTN (reduserte utgifter auke i byggesaksgebyr)	Kr.	380 000
Helse og velferd	Kr.	150 000
Pleie og omsorg	Kr.	500 000
Auke i betalingssatser	Kr.	380 000
Bruk av kapitalfond i staden for driftsmiddel	Kr.	650 000
Fjerning av sikkerhetsmargin for berekning av pensjonspremie	Kr.	550 000

\*) Heilårseffekt for Loar skule og Lom ungdomsskule er ei samla innsparing på ca kr. 1 500 000.

### 2.3.6 Rammestyring

Etter Lom kommune sitt delegasjonsreglement tildeler Kommunestyret rammer til administrasjonen som prioriterer innanfor desse rammene.

### 3 Økonomiske oversikter

#### 3.1 Investeringar og finansiering

	Budsjett 2 010	Budsjett 2 011	Budsjett 2 012	Budsjett 2 013
<b>Investeringar:</b>				
Edb-utstyr/programvare	243 000	0	0	0
Betalte avdrag etableringslån	664 000	677 000	811 000	882 000
Kjøp av aksjer og andelar	335 000	335 000	335 000	335 000
Fleir brukshall for prosjekt	1 500 000	0	0	0
Fleir brukshall	0	60 000 000	24 100 000	0
Brann og fjellredningsstasjon	4 800 000	0	0	0
Garmo renseanlegg	2 000 000	0	0	0
Leirmo renseanlegg	2 000 000	0	0	0
Konvertering oljekjelar helseheimen og Garmo skule	0	120 000	0	0
Lom helseheim- styreskap heis	500 000	0	0	0
Lom samfunnshus - vedlikehald	700 000	0	0	0
Lom samfunnshus - ventilasjon	0	630 000	0	0
Skiltplan-veg og gateadresser	100 000	0	0	0
Tannklinikken	145 000	0	0	0
Omsorg og trygdebustader	8 500 000	0	0	0
<b>Sum investeringar</b>	<b>21 487 000</b>	<b>61 762 000</b>	<b>25 246 000</b>	<b>1 217 000</b>
<b>Finansiering:</b>				
Refusjon frå staten	-2 400 000	0	0	0
Refusjon frå private	-300 000	0	0	0
Statlege overføringer	0	-7 000 000	0	0
Bruk av lån	-12 500 000	-36 504 000	-19 280 000	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 500 000	0	0	0
Bruk av ubundne kapitalfond	-951 000	-431 000	-335 000	-335 000
Overføring frå driftsrekneskapen	-907 000	-677 000	-811 000	-882 000
Overføring frå drift - bruk av bundne driftsfond	0	-5 000 000	0	0
Overføring frå drift-momskomp	-2 929 000	-12 150 000	-4 820 000	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>-21 487 000</b>	<b>-61 762 000</b>	<b>-25 246 000</b>	<b>-1 217 000</b>

### 3.2 Driftsbudsjett

Tal i 1 000 kroner	Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
<b><u>Driftsinntekter</u></b>						
Brukertilbetalinger	6 750	7 035	7 140	7 140	7 140	7 140
Andre sals- og leigeinntekter	27 360	30 697	23 843	25 323	26 095	26 213
Overføringer med krav til motyting	31 780	24 058	23 964	23 465	22 175	22 175
Rammetilskott	48 640	55 253	59 122	59 381	59 381	59 381
Andre statlege overføringer	1 891	2 817	3 183	3 183	2 759	2 759
Andre overføringer	3 170	1 485	360	360	360	360
Skatt på inntekt og formue	34 224	37 724	40 172	40 172	40 172	40 172
Eigendomsskatt	2 189	2 874	3 078	3 078	3 078	3 078
Andre direkte og indirekte skattar	5 832	3 500	3 500	3 500	3 500	3 500
Sum driftsinntekter	161 836	165 443	164 361	165 601	164 660	164 778
<b><u>Driftsutgifter</u></b>						
Lønsutgifter	93 493	94 713	97 623	97 096	96 750	96 750
Sosiale utgifter	19 502	23 610	20 692	20 617	20 544	20 544
Kjøp av varer og tenester i tenesteproduksjon	26 220	26 552	22 545	22 553	23 053	23 553
Kjøp av tenester som erstatter tenesteproduksjon	10 586	11 619	11 337	11 359	11 176	11 186
Overføringer	11 037	11 531	9 598	8 635	8 635	8 635
Avskrivningar	8 012	8 012	8 012	8 012	8 012	8 012
Fordelte utgifter	0	-177	-35	-35	-35	-35
Sum driftsutgifter	168 850	175 860	169 771	168 236	168 135	168 645
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-7 015</b>	<b>-10 417</b>	<b>-5 410</b>	<b>-2 635</b>	<b>-3 475</b>	<b>-3 867</b>
<b><u>Finansinntekter</u></b>						
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	17 276	15 229	12 850	12 850	12 850	12 850
Mottekne avdrag på utlån	1 110	120	55	55	55	55
Sum eksterne finansinntekter	18 386	15 349	12 905	12 905	12 905	12 905
<b><u>Finansutgifter</u></b>						
Renteutgifter, provisjonar og andre fin.utg.	7 366	5 582	3 851	4 527	5 275	5 223
Avdragsutgifter	6 837	6 831	6 775	7 858	8 793	8 754
Utlån	84	110	69	69	69	69
Sum eksterne finansutgifter	14 288	12 523	10 695	12 454	14 137	14 046
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>4 098</b>	<b>2 826</b>	<b>2 210</b>	<b>451</b>	<b>-1 232</b>	<b>-1 141</b>
Motpost avskrivningar	8 012	8 012	8 012	8 012	8 012	8 012
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>5 095</b>	<b>421</b>	<b>4 812</b>	<b>5 829</b>	<b>3 306</b>	<b>3 004</b>
<b>Netto driftsresultat i % av driftsinntekter</b>	<b>3%</b>	<b>0,3 %</b>	<b>3%</b>	<b>4%</b>	<b>2%</b>	<b>2%</b>

### 3.3 Utvikling i lånegjeld

	Inng.gjeld (ca.)	2010	2011	2012	2013	Utgående gjeld 2013
Nye lån	116 000	12 500	36 504	19 280	0	
Avdrag løpende lån		6 775	6 781	6 796	6 437	
Avdrag nye lån		0	1 077	1 997	2 317	
<b>Utgående gjeld</b>	<b>121 725</b>	<b>150 371</b>	<b>160 858</b>	<b>152 104</b>	<b>152 104</b>	

### 3.4 Fondskapital

	Inng. balanse	2010	2011	2012	2013	Utgående balanse
Disp.fond	6 140	-1 651	1 689	322	(50)	6 450
Avsett drift/disponert						
Heimfallsfond	9 437					4 937
Avsett drift		125	125	125	125	
-Inv.budsjett		-	(5 000)	-	-	
- Refusjon tomtesal						
Næringsfond	2 864					5 743
-Driftstiltak		(2 778)	(2 781)	(2 781)	(2 781)	
-Avsett drift		3 500	3 500	3 500	3 500	
Kapitalfond	4 384					2 332
-Inv.budsjett bruk av ub.kap.fond		(951)	(431)	(335)	(335)	
-avsetjing		-	-	-	-	
<b>Totalt</b>	<b>22 825</b>					<b>19 462</b>

### 3.5 Bruk av næringsfond

	Budsjett 2 010	Budsjett 2 011	Budsjett 2 012	Budsjett 2 013
Bruk av næringsfond				
Tiltaksarbeid	-670 500	-673 200	-673 200	-673 200
Reiseliv- og turistverksemd	-650 000	-650 000	-650 000	-650 000
Servicenæring	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Landbruk	-655 000	-655 000	-655 000	-655 000
Lom veksthus	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Regionråd	-555 000	-555 000	-555 000	-555 000
Landbrukskontor	-37 354	-37 354	-37 354	-37 354
Elveforbygging	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
<b>Bruk av næringsfond</b>	<b>-2 777 854</b>	<b>-2 780 554</b>	<b>-2 780 554</b>	<b>-2 780 554</b>

## 4 Formannskapet - første behandling

### 4.1 Saksprotokoll i Formannskapet 01.12.2009

#### **Forslag frå Formannskapet**

Forslaget frå budsjettutvalet blir vedtatt.

Framlegg til budsjett 2010 og økonomiplan 2011-2013 blir lagt ut på høyring slik det går fram.

## 5 Formannskapet - andre behandling

### 5.1 Saksprotokoll i Formannskapet 16.12.2009

#### **Forslag frå Mai Bakken:**

Som forslaget frå formannskapet, med slik endring:

Fleir brukshall går ut. I staden foreslår vi at det skal stå:

Ny vidaregåande skule og helsecenter, 60 mill (2011), og aukast til nødvendig nivå for 2012 og 2013.

Det vart votert over forslaget frå Bygdalista. Forslaget frå Mai Bakken fekk ei røyst. Fire røysta for forslaget frå formannskapet.

#### **Forslag frå formannskapet:**

Som forslaget frå formannskapet.

## 6 Kommunestyret sitt vedtak

### 6.1 Saksprotokoll i Kommunestyret 16.12.2009

#### 6.1.1 Behandling

##### **Forslag frå Bygdalista v/Magny Hilde:**

Som forslaget frå formannskapet, med slik endring:

Fleir brukshall går ut. I staden foreslår vi at det skal stå:

Ny vidaregåande skule og helsecenter, 60 mill (2011), og aukast til nødvendig nivå for 2012 og 2013.

##### **Forslag frå Beate Stø:**

Satsane for musikk- og kulturskulen:

Satsane vert uendra. Reduserte inntekter dette fører med seg vert finansiert ved redusert avsetning til disposisjonsfond.

##### **Forslag frå Bygdalista v/Mai Bakken:**

Bygdalista vil presisere at pålagde innsparinger i tenesteområda skal prioriterast slik:

1. Innsparingstiltak på energibruk i alle offentlege bygg. Budsjettutvalet har sett som mål at 30 % av innsparingstiltaka skal vera miljøtiltak.
2. ”Tidleg innsats” skal prioriterast.

#### **Det vart votert slik:**

##### **Forslag frå Bygdalista:**

Som forslaget frå formannskapet, med slik endring:

Fleir brukshall går ut. I staden foreslår vi at det skal stå:

Ny vidaregående skule og helsecenter, 60 mill (2011), og aukast til nødvendig nivå for 2012 og 2013.

Forslaget fekk tre røyster. Fjorten røysta mot. Forslaget fall.

##### **Bygdalista vil presisere at pålagde innsparinger i tenesteområda skal prioriterast slik:**

1. Innsparingstiltak på energibruk i alle offentlege bygg. Budsjettutvalet har sett som mål at 30 % av innsparingstiltaka skal vera miljøtiltak.
2. ”Tidleg innsats” skal prioriterast.

Forslaget vart samrøystes vedtatt.

##### **Forslag frå Beate Stø:**

Satsane for musikk- og kulturskulen:

Satsane vert uendra. Reduserte inntekter dette fører med seg vert finansiert ved redusert avsetning til disposisjonsfond.

Forslaget vart samrøystes vedtatt.

#### 6.1.2 Vedtak

Som forslaget frå formannskapet med slik endring:

Satsane for musikk- og kulturskulen:

Satsane vert uendra. Reduserte inntekter dette fører med seg vert finansiert ved redusert avsetning til disposisjonsfond.

Innsparingstiltak på energibruk i alle offentlege bygg. Budsjettutvalet har sett som mål at 30 % av innsparingstiltaka skal vera miljøtiltak.

”Tidleg innsats” skal prioriterast.

## 7 Overordna styringssignal og utvikling

### 7.1 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet



Finansminister  
Kristin Halvorsen la fram  
forslag til statsbudsjettet  
13. oktober 2009  
(Foto: Rune Kongsro)

**13. oktober la Regjeringa fram forslaget til statsbudsjett for 2010, og her er nokre korte utdrag frå Regjeringa sin presentasjon av budsjettet:**

- ”Satsingen på fellesskolen fortsetter, med et høyt nivå på bevilgningene. Undervisningstimetallet utvides med én uketime, fordelt på 1.-7. trinn, og det innføres et tilbud om åtte uketimer gratis leksehjelp, fordelt på 1.-4. trinn. I rentekompensasjonsordningen for skole- og svømmeanlegg legges det opp til å kunne gi tilslagn om rentekompensasjon for investeringer innenfor en ramme på 2 milliarder kroner i 2010.
- Regjeringen har prioritert kommuneøkonomien i sine tidligere budsjettforslag, og dette følges også opp i 2010-budsjettet. Kommunesektorens frie inntekter foreslås økt reelt med 4,2 milliarder kroner, og sektorens samlede inntekter øker reelt med om lag 8 milliarder kroner.
- Regjeringen vil legge til rette for trygge arbeidsplasser og økt verdiskaping og utvikling i hele landet. Regjeringen foreslår utgifter på vel 1,5 milliarder kroner (eksklusivt lånetransaksjoner) til ordninger under Innovasjon Norge på Nærings- og handelsdepartementets budsjett i 2010. Dette tilsvarer en økning på 26 prosent i forhold til saldert budsjett 2009.”

### 7.2 KS si uttale til statsbudsjettet

Pressemelding frå KS (kommunenesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon) i samband med Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2010:



”Forslaget til statsbudsjett styrker tilbudene spesielt innenfor skole, pleie- og omsorg og barnevern. Det er bra. Skal budsjettet innfri krever det fortsatt vanskelige prioriteringer og stram økonomistyring i kommunene og fylkeskommunene.

Kommunesektorens inntekter får en betydelig økning. Det er nødvendig for å gi bedre tilbud til stadig flere innbyggere.

Kommunene er vant til å gjøre vanskelige prioriteringer og må ha frihet til å gjøre disse slik at befolkningens behov kan møtes på en best mulig måte.

Det er også nødvendig med en sterkere innsats på innovasjon og utvikling, og handlefrihet til å utvikle tilbudene og gjøre jobben mest mulig effektivt. Mange kommuner har et stort etterslep på vedlikeholdssiden og har behov for å gjøre noe med det.


#### Mangler 1,5 mrd til barnehager

Stortinget vedtok at barnehagereformen skulle finansieres fullt ut. KS konstaterer at det fortsatt mangler 1,5 mrd.

#### Frie inntekter

Regjeringen foreslår å øke kommunenesektorens frie inntekter med 4,2 mrd kroner fra 2009 til 2010, og følger opp signalene fra i vår. Det vil gi kommunenesektoren økt økonomisk handlingsrom i 2010. De frie inntektene vil hovedsaklig gå til flere barn og eldre (demografi), samferdsel og flere ansatte i barnevern og pleie- og omsorg, og skal i tillegg dekke økte kostnader til renter og pensjon.”

## 7.3 Utvikling av folketalet



Folketalet i Lom kommune ved utgangen av året fra 2000 til 2008, og ved utgangen av tredje kvartal 2009.  
(Kjelde: SSB)

	0-5 år	6-15 år	16-66 år	frå 67 år	Totalt
2010	145	290	1 551	414	2 400
2011	139	292	1 545	412	2 388
2012	139	276	1 547	426	2 388
2013	134	273	1 536	430	2 373
2014	137	271	1 520	443	2 371
2015	132	273	1 516	436	2 357
2016	131	274	1 510	444	2 359
2017	128	269	1 504	461	2 362
2018	127	265	1 503	459	2 354
2019	126	259	1 491	470	2 346
2020	126	254	1 494	474	2 348
2021	127	245	1 469	497	2 338
2022	127	243	1 460	503	2 333
2023	128	237	1 448	519	2 332
2024	128	240	1 427	536	2 331
2025	129	237	1 414	544	2 324
2026	130	235	1 399	551	2 315
2027	130	236	1 387	569	2 322
2028	130	234	1 367	594	2 325
2029	131	233	1 354	594	2 312

Framskrivning av folketallet i Lom fram til 2029 fordelt på aldersgrupper og totalt. Framskrivninga baserer seg på SSB sitt MMMM-alternativ, som tyder middels utvikling på alle områda, levealder, flytting og innvandring.  
(Kjelde: SSB)

## 8 Overordna mål og strategiar

### 8.1 Balansert målstyring (BMS)

#### **Resultatleiing er ein leiarfilosofi**

som er basert på at politikarar, administrasjonssjef, leiarar og tilsette har dei same klart definerte måla og resultattkrava. Det skal vera stor fridom i korleis ein skal nå måla.

#### **Kva meir er Balansert målstyring?**

- Ein set fleire område i sentrum, ikkje berre økonomi.
- Lom har sett brukar, medarbeidar, økonomi, samhandling mellom politikk og administrasjon og læring og fornying i sentrum.
- Som hjelpemiddel er det laga målekart som fortel kva ein set fokus på innan kvart område.
- Kommunemålekartet er det overordna

målekartet, og seier kva som skal målast totalt og for kvart tenesteområde.

– Målekarta skal vera forankra og aksepterte i heile organisasjonen.

- KS sine brukar- og medarbeidarundersøkingar skal brukast som hjelpemiddel i resultatmålingane.

- BMS vil gje grunnlag for dialog mellom politikarar og administrasjonssjef, mellom administrasjonssjef og leiargruppe og mellom dei einskilde leiarane og deira tilsette. Dette vil gje grunnlag for ein brei medverknad frå heile organisasjonen i arbeidet mot felles mål.

– Ein flatare organisasjonsmodell med stor bruk av delegering gjer det naudsynt med eit anna styringssystem.

### 8.2 Kommunemålekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Måle-metode	Resultat 2008	Mål 2009	Mål 2010
Økonomi	Økonomistyring og drift	Brutto driftsresultat	Økonomi-system	1,7%	-4,4%	-3%
		Netto driftsresultat	Økonomi-system	7,7%	3,19%	3%
	Finansiell styring	Eigenkapitalprosent	Økonomi-system	38,6%	37,8%	38%
		Geldsgrad (Gjeld/Eigenkapital)	Økonomi-system	1,6	1,7	1,7
	Likviditetsstyring	Kredittid fordringar	Økonomi-system	45 dagar	32 dagar	32 dagar
		Likviditetsgrad 1	Økonomi-system	3,7	3,4	3,4
		Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter	Økonomi-system	45,7%	40,0%	45%
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nögd med nærmeste leiar?	Medarbeidarundersøking	4,6	4,5	4,8
		Er du nögd med standarden på arbeidslokala?	Medarbeidarundersøking	3,8	-	4,3
		Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	Medarbeidarundersøking	4,8	-	4,8
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	Medarbeidarundersøking	5,1	-	5,1
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	Statistikk	2,7%	2,3%	3,2%
		Sjukefråvær langtid	Statistikk	4,5%	4,0%	4,0%
		Svarprosent medarbeidarundersøking	Medarbeidarundersøking	48%	-	76%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	Medarbeidarundersøking	4,5	4,1	4,5
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	Medarbeidarundersøking	3,8	-	4,3
	Målt kvalitet	Gjennomforte kompetanse tiltak i høve til overordna kompetanseplan	Telling	-	-	-

Karakterskala i medarbeidarundersøkingane går frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

## 9 Handlefridom i økonomien - prioriteringar

### 9.1 Generelle økonomiske utfordringar

Lom har ei auke i dei frie inntektene frå 2009 til 2010 på kr 6 467 000.

#### 9.1.1 Endringar i tilskot frå Staten 2008 - 2009

Tilskot frå Staten	Budsjett 2009	Justert budsjett 2009	Budsjett 2010	Endring justert budsjett 2010
Skatt på inntekt og formue	-40 026 000	-37 724 000	-40 172 000	2 448 000
Statleg rammeoverføring	-40 424 000	-42 100 000	-45 017 000	2 917 000
Inntektsutjamningstilskot	-11 371 000	-12 403 000	-13 705 000	1 302 000
Sjønnstilskot	-600 000	-600 000	-400 000	-200 000
<b>Sum overføring frå staten</b>	<b>-92 421 000</b>	<b>-92 827 000</b>	<b>-99 294 000</b>	<b>6 467 000</b>

#### 9.1.2 Rammeoverføringar

Inntektene frå staten har t.o.m 2008 vore rekna etter folketalet pr 1.1. i budsjettåret. Frå 2009 er inntektsutjamningstilskotet rekna ut frå folketalet 1. juli året før budsjettåret, medan utgiftsutjamningstilskotet framleis er rekna etter folketalet 1. januar i budsjettåret.

Lom har hatt ei auke i folketalet, og det slår positivt ut på innteketene.

I statsbudsjettet er det lagt opp til at undervisningstimetalet for første til sjuande trinn skal aukast med ein veketime frå hausten 2010.

Det er sagt i statsbudsjettet at det skal gjevast åtte timer gratis leksenhjelp i veka delt på første til fjerde trinn.

#### 9.1.3 Øyremerka tilskot

Maksimalprisen til Barnehagane vert vidareført og for 2010. For å kompensere

for dette vert satsane for øyremerka tilskot til barnehagane auka.

#### 9.1.4 Lån/tilskot

Rentekompensasjonsordning for skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg vart innført for 2009 og førast vidare i 2010.

I 2008 vart det etablert eit statlig investeringstilskot til omsorgsbustader og sjukeheimspllassar. Målgruppa er personar med behov for heildøgns tenester uavhengig av

alder, funksjonshemning og diagnose. I tillegg til eldre inngår bl.a. personar med psykisk sjukdom, utviklingshemning og rusproblem. Investeringstilskot er eit eingangstilskot som i gjennomsnitt dekker ca 20% av anleggskostnadene. Ordninga er foreslått vidareført i 2010.

#### 9.1.5 Kommunale gebyr/inntekter

Det vert vist til avsnitt om ”Driftsinntekter – forslag til satsar for 2010”.

Det er forslag om å auke kommunale satsar/gebyr for 2010. Auka utgjer ca kr 380 000.

Gebyr på vatn og avlaup vert foreslått auka med ca 800 000. Disse gebyra er rekna etter sjølvkostprinsippet – der reglar regulerer kor høge gebyra maksimalt kan vera.

### 9.1.6 Kraftinntekter

	Budsjett 2009	Budsjett (end) 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Sal av konsesjonskraft	-14 291 000	-14 291 000	-6 730 000	-7 620 000	-8 290 000	-8 290 000
For 2009 var det avtala ein svært god pris, som gav inntekter godt over det som har vore nivået tidlegare. Prisane i økonomiplanperioda, etter prognosar, viser ein lågare kraftpris.			Utbytte frå AS Eidefoss vart i 2009 på 10 mill kr. For 2010 er dette føreslede teke inn i budsjettet med 9,2 mill kr.			
			Prisane på kraft for 2010 er mykje lågare enn for 2009. Innteketene frå sal av konsesjonskraft er redusert med 7,5 mill kr.			

### 9.1.7 Eigedomsskatt

Eigedomsskatt	Budsjett 2009	Justeret budsjett 2009	Budsjett 2010	Endring justeret budsjett 2010
Eigedomsskatt	-2 172 000	-2 172 000	-2 375 822	-203 822
Eigedomsskatt-annen fast eigedom	-701 800	-701 800	-701 800	0
<b>Sum eigedomsskatt</b>	<b>-2 873 800</b>	<b>-2 873 800</b>	<b>-3 077 622</b>	<b>-203 822</b>

Lom kommune har eigedomsskatt på egedomar på Fossbergom og i tillegg på ”Verker og bruk”.

For 2010 utgjer disse inntektene omlag:

- Verker og bruk kr 2 375 000
- Egedomar på Fossbergom kr 701 800

